

Mor, far eller ein vaksen du kjenner godt skal vere med deg heile den tida du er på Barnerøntgen.

Når du kjem til Barnerøntgen må du først vente litt på eit rom der du finn leiker og bøker som du kan låne.

Ein av oss som jobbar her vil helse på deg når du kjem.

leikerommet →



Når du kjem til Barnerøntgen må du først vente litt på eit rom der du finn leiker og bøker som du kan låne. Ein av oss som jobbar her vil helse på deg når du kjem og spørje kva du heiter.

Kva er ultralyd?

Ultralydapparatet liknar på ei datamaskin. Med ultralyd kan ein sjå korleis vi ser ut inne i kroppen. Bileta ser annleis ut enn eit vanleg foto, difor er det mest dei som jobbar på sjukehuset som skjønner kva dei ser på bileta.

Korleis tar ein ultralyd?

Når det blir din tur følgjer vi deg inn til rommet der ultralydapparatet står. Det må vere litt mørkt

i rommet for at legen skal sjå bileta på dataskjermen når du blir undersøkt.

Først må du ta av litt klede og leggje deg på ein benk.

Når vi ta ultralyd brukar vi ei probe lik den du kan sjå på bilete. Vi smører på litt gele før vi legg probe på huda.

Det er viktig at du ligg heilt stille akkurat når vi tar bileta, slik at dei blir klare og fine. Vi vil fortelje deg når du må ligge stille og når du kan røre deg att.

Vi seier frå til deg når du kan kle på deg og dra heim.

Ei ultralydprobe med litt gele på



Lille Anne ligg på benken og blir undersøkt med ultralyd på magen.



Informasjon til vaksne →